

HANDLINGSPLAN 2020 FOR BONDEUNGDOMSLAGET REVIDERT 6.5.20.

EIN HEIM

Bondeungdomslaget i Oslo er ein frilyndt kultur- og idrettsorganisasjon med aktivitetar innan folkedans, teater, musikk, idrett og språk.

Vi skal

- vere ein heim, og skape fellesskap og samhald på tvers av bakgrunn og alder
- vere eit lag der medlemmane utviklar seg som sjølvstendige og fellesskapsorienterte menneske
- vere ein arena for aktivitet, språk, mangfald og demokratibygging
- vere ein synleg aktør med ei tydeleg stemme i utviklinga av lokalmiljøet i Oslo

BUL har sterkt svekka økonomi som følgje av koronaviruset. Forventa overføring av 4,4 millionar kroner frå Bøndenes Hus AS er ikkje lenger realistisk.

Dette situasjonen vil påverke laget i resten av 2020 og langt inn i 2021, og laget må difor tilpasse aktiviteten og ambisjonsnivået, og ta planlegg ut frå ein usikker økonomisk situasjon.

Hovudprioriteringar i 2020:

- Trygge det langsiktige inntektsgrunnlaget til BUL gjennom forsvarleg drift av BHAS. Likviditetsoverføring skal ikkje vere høgare enn nødvendig.
- Laget skal bygge opp likviditeten og ha minimal pengebruk så lenge det er nødvendig.
- Sikre grunnlaget for aktivitetane i særлага, hyttene og nemndene og drift av huset, og gi tilskot når det er rom for det.

Det vil ikkje bli løyvd pengar til investeringar, prosjekt, samarbeidstiltak eller ekstraordinære tiltak i 2020.

Ut frå økonomisk handlingsrom og tilgjengelege ressursar kan følgjande tiltak settast i verk:

1. Medlemsorganisasjonen

- Vi skal vurdere og sette i verk tiltak som gjer det betre å vere medlem slik at vi får nye medlemmer, m.a. tilby redusert kontingen for ungdom og studentar. Vi skal òg utarbeide ei tydeleg og klar oversikt over fordelar ved å vere medlem i Bondeungdomslaget i Oslo. Denne må kommuniserast godt ut til medlemene.
- Vi skal utarbeide ein marknadsførings- og kommunikasjonsplan for å gjere BUL og laget sine aktivitetar synlege. Konkrete tiltak:
 - Gjere det tydlegare for dei som besøker oss kven vi er og kva vi driv med, m.a. med informasjon om BUL alle stader der det er naturleg å informere om oss.
 - Lagskontoret skal utarbeide eit årshjul for alle aktivitetar og tilskipingar.
 - Nettsida, sosiale media og andre kanalar skal brukast aktivt i profilering og marknadsføringa.
 - Lagskontoret skal halde styret oppdatert og informert om arbeidet.
- Laget skal utarbeide ein digital strategi, og mellom anna gi tillitsvalde tilgang til verktøy i Office 360-pakken som til dømes Teams. Vi skal vidareutvikle bruken av økonomi- og rekneskapsystemet Xledger som skal gjere drifta lettare for både lagskontoret, styret og kasserarar i særлага.

- Vi skal lage ei verktøykasse og sjekklister for tilskipingar, slik at desse blir best mogleg.

2. Aktivitetar

▪ **Hovudlaget**

Hovudlaget kan ta initiativ til tilskipingar, og sette i gang arbeid med aktivitetar som er tenlege for heile laget, dersom det er økonomisk rom for det. Vi skal også sørge gode og trygge rammer for aktiviteten til laget.

▪ **Idrottslaget**

- skal arbeide for å rekruttere fleire barn og unge med ulik bakgrunn
- skal arbeide meir for å auke foreldreengasjementet og dugnadsinnsatsen
- skal skipe til Sentrumsløpet, vårstemne og julestemne og dessutan vere medtilskipar av Bislett Games gjennom Bislett Alliansen
- skal utvikle tilbodet for psykisk utviklingshemma

▪ **Leikarringen**

- Skal vidareutvikle barne- og ungdomstilboda BULder og Brak og TrøBUL
- Skal ha Dansekveld (Lønningspol) ein gong i terminen
- Skal delta på Landskappleiken og Oslokappleiken
- Ønskjer å halde fram med å kontinuerleg utvikle og styrke tilbodet på tysdagar
- Skal halde fram med Søndans ein gong i månaden

▪ **Songlaget**

- skal ha konsert på Sankthanshaugen omsorgssenter (eller anna eldresenter)
- skal synge i Norsk korklang i Paulus kyrkje
- skal synge på oppdrag for Heimen Husfliden og Backe i Grensen
- skal medverka ein kveld på musikalen Så som i himmelen hjå grannen vår Oslo Nye Teater

▪ **Teaterlaget**

- skal ha framsyning i desember
- legg opp til å ha eit variert repertoar for ei gruppe på 20-25 skodespelarar
- skal ha kurs og samlingar for å bygge laget og auke kompetansen
- har ein ambisjon om å få omsett eit teaterstykke til nynorsk
- ynskjer at medlemer deltek i prosjekt knytt til Nynorskens hus

▪ **Mål nemnda**

- skal halde nynorskkurs og arrangere og ta del i kulturtilskipingar
- skal også hjelpe til med språkrøkt i laget og forretningane

▪ **Nynorskens hus**

- Utvikle og gjennomføre tilskipingar, som t.d. samtalar, debattar, konsertar, boklanseringar og likande. Vi skal samarbeide med andre nynorskmiljø og forretningane om slike tilskipingar, som kan fare seg i lagslokala eller på Kaffistova.

3. Eigedom og forretningsdrift

▪ Lagsområda

- Arbeide med utvikling av utleige utan at det går utover aktiviteten til særlega. Ekstern utleige skjer primært fre-søn. Særlega og lagskontoret skal halde eit koordineringsmøte for å planlegge aktiviteten neste semester/å
- Halde lagslokala og teknisk utstyr godt ved like
- Lage ein langsiktig vedlikehalds- og investeringsplan

▪ Hyttene

- Bondehytta og Røkleivhytta skal gjennomføre nødvendig vedlikehald
 - gjere naudsynt vedlikehald

▪ Forretningsdrift

- Laget skal vere ein god og aktiv eigar av Bøndenes Hus AS for å sikre god avkasting på den investerte kapitalen i forretningsverksemda og ei stabil inntekt til laget.
- BHAs er sterkt påverka av korona. Det totale uttaket skal ikkje svekke den økonomiske situasjonen til forretningane.

4. Samarbeid

- Laget skal vere aktivt i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, nasjonalt og på fylkesnivå.
- Laget skal vere ein god og aktiv deleigar i LL Det Norske Teatret og Den mangfaldige scenen AS og bidra til vidareutvikling av verksemndene.
- Som ein av stiftarorganisasjonane skal laget følgje opp Norsk Barneblad og Dag og Tid.